

heimelshavrar
Organisasjonar
Offentlege høyringsorgan

DERES REFERANSE

VÅR REFERANSE
10201616

DATO
24.05.2018

Dyrskuplassen Seljord - regulering

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Dyrskuplassen. Planid 082820180002

Med heimel i plan- og bygningsloven §12-3 og 12-8 og etter oppdrag frå tiltakshavar Seljordsutstillinga Dyrsku'n AS, varslast det med dette oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr/bnr 41/53 med fleire, på Dyrskuplassen i Seljord, Seljord kommune. Gjeldande reguleringsplan for Dyrskuplassen vedteke 01.06.1995 vert delvis erstatta av planforslaget.

Som et ledd i planarbeidet inviterast det til eit opent informasjonsmøte i Dyrsku'n sine lokalar tysdag den 26. juni. Kl. 18: 00

Det sentrale stemneområdet er regulert og utbygd med vegar og bygningar, medan dei areala som har fått dispensasjon framleis blir nytta til landbruksjord når det ikkje er arrangement på Dyrskuplassen. Tiltakshavar ønskjer å sikre fleksibel framføring av vegar og infrastruktur både på dei områda som er regulert og nye områda.

Reguleringsplanen skal heimle tiltak knytt til:

- Gjennomføring av aktivitetar på stemneplassen
- Sikre framføring av infrastruktur, som vegar, straumforsyning, fiber, gateljos, vatn og avløp internt på stemneområdet på ein måte, som ikkje kjem i konflikt med omsyn til kulturminnevern
- Etablering av nye tilkomstvegar for mjuke trafikantar og oppstillingsplass for lastebilar utanfor stemneplassen
- Leggjje til rette for utviding av stemneområdet
- Heimle etablering av ein ny utstillingshall
- Etter ynskje frå kommunen vil planen heimle ein gangakse frå Norbygd til Nyveg.

I arbeidet med reguleringsplanen skal det leggst særleg vekt på å sikre tryggleik for mjuke trafikantar samt omsynet til kulturminne, flaum og jordvern. Føremålet med planarbeidet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Seljord sentrum. Planarbeidet startar omgåande og planforslaget vil bli ferdigstilt i løpet av fyste halvdel 2019. Innspel til planarbeidet skal sendast til simen.storoy@sweco.no med kopi til post@seljord.kommune.no. Du kan òg sende innspelet per post til **Sweco Norge AS, Box 120, 3835 Seljord** med kopi til **Seljord kommune, Brøløsvegen 13 A, 3840 Seljord**. Innspelt må vera oss i hende innan 15.08.2018.

1 (3)

Sweco
Vekanvegen 10
Box 120
NO-3840 Seljord, Norge
Telefon +47 35 06 44 44

www.sweco.no

Sweco Norge AS
967032271
Hovedkontor: Oslo

Simen Storøy

Mobil +47 409 16 689
Simen.storoy@sweco.no

For ytterlegare informasjon og spørsmål kring planarbeidet kontakt Simen Storøy på telefon 40916689 eller e-post simen.storoy@sweco.no

Med venleg helsing

Sweco Norge AS

Simen Storøy

Rådgjevar plan og miljø.

Vedlegg:

Kart med avgrensing av planområdet.
Illustrasjon over planområdet.
Omtale av planprosessen.

